

# Rlofe-Else.

Dyft æventyr — etter Grimm.

Det var ein mann, som hadde ei dotter, og ho heitte *Rlofe-Else*. Daa ho vart vaksti, sagde faderen, at dei laut gifta henne. "Ja", svarad moderi, "berre det kunde koma ein, som vilde hava henne."

Jau, sidstpaa kom der ein langt burtanfraa, som heitte Hans. Han vilde hava *Else*, sagde han, dersom ho var fælt klok og vitug. "Ja, gjenta heve ein god skalle," sagde faderen. "Na, du vil aldri tru so klok som ho er," sagde moderi, "for ho kann sjaa vinden springa paa vegen, og høyra fluga, for ho hostar." "Ja", sagde Hans, "der ho ikkje er fælt klok, so tek eg henne ikkje." Ja, so sette dei seg til bords, og daa dei hadde etet seg gode og mette, sagde moderi: "*Else*, gaff aat kjellaren etter øl." Og *Rlofe-Else* tok ei krus og gjeff aat kjellaren, ho skramlad med lofet, so ikkje tidi skulde falla lang. Daa ho kom ned, tok ho ein stol og sette framfyre tunna, so ho kunde sitja og teppa øl i ro og mak; no slapp ho aa bøygja ryggen sin, og naar ho slapp aa bøygja ryggen, so turvte ho ikkje vera rædd, at det skulde gjera vondt i ryggen, og ikkje turvte ho fæla, at ryggen skulde ganga av lede helder. Jau, *Else* var klok nog, skal eg vaaga. So skauv ho krusi inn under med foten og sveivde hanen upp, og det bilet ølet rann, vilde ho bruka augo sine godt, og ho glaapte upp aa veggjen, og daa ho hadde glaapt som lengst baade hit og dit, so fekk ho auga paa ei hakka, som muraren hadde stunget inn der av vanvare, og den hakka stod beint yver hovudet paa henne. Daa tok *Rlofe-Else* til aa graata. "Naar eg fær Hans," sagde ho, "og me so fær eit barn, og barnet vert stort, og me so sender barnet vaart aat kjellaren etter øl, so dett hakka i hovudet paa det og slær det ihel". Og *Rlofe-Else* sat og hikste og gret, so det var reine fælt.

Men dei der uppe vart reint avventad paa ølet, og moderi sagde til

tenestgjenta: "Gaff ned og sjaa, kvar Else vert av." Gjenta gjekk og fann Else med øltunna, ho sat og gaulad og skreik so hardt ho kunde. "Kvat er det, du græt fyre, Else?" spurde gjenta. "Jau," svarad ho, "eg maa vel graata. Naar eg fær Hans, og me far eit barn, og barnet vert stort og skal teppa øl her, so kann gjerna den haffa detta i hovudet paa det og slaa det ihel." "Alanei, so klok ei Else, som me heve!" sagde gjenta og sette seg til aa graata der nede, ho med.

Men daa der ingi gjenta kom og ingi Else og inkje øl helder, so sagde mannen til tenestguten: "Gaff ned i fjellaren og sjaa, kvar det vert av Else og gjenta." Men daa guten kom ned i fjellaren, so sat baade gjenta og Klove-Else der og gaulad og gret, so hardt dei kunde. "Kvat græt de fyre daa?" spurde guten. "Ala hoi, hoi," sagde Else, "eg maa nog graata; for naar eg fær Hans, og me fær eit barn, og barnet vert stort og skal teppa øl her, so dett den haffa i hovudet paa det og slær det ihel." "Nei so klok ei Else, som me heve!" sagde guten, og so sette han seg til aa gaula, han med.

Men dei var tyrste der uppe, og dei ventad paa guten, men daa han ikkje kom, sagde mannen til kona: "Gaff ned og sjaa, kvar Else vert av." Ja, kona gjekk ned, og der sat dei og gaulad og gret, so hardt dei kunde, alle tri. "Nei, kvat græt de fyre?" spurde ho. "Bisft maa me graata," svarad Else; "for naar eg fær Hans, og me fær eit barn, og det vert stort og skal teppa øl her, so kann det slaa seg ihel, dersom den haffa dett ned i hovudet paa det." "Nei, so klok ei Else, som me heve!" sagde moderi, og so sette ho seg til aa graata, ho med.

Men mannen der uppe ventad paa kona, men daa ho ikkje kom att, gjekk han og ned i fjellaren, vilde sjaa, kvar Else vart av. Jau, der sat dei og gaulad og gret, den eine verre en den andre. "Kvat er tids?" spurde mannen. Jau, naar Else fekk Hans, so kunde dei gjerna faa eit barn, og so vart barnet stort, og so kunde det gjerna at dei sende det ned i fjellaren aa teppa øl or tunna der, og so kunde den haffa, som stod der beint yver hovudet, detta ned og slaa det ihel. "Ala, so klok ei Else, som me heve!" sagde faderen og sette seg til aa graata, han med.

Men friaren sat der uppe aaleine, og han ventad baade lenge og vel. Men daa ingen kom att, so vilde han ganga ned og sjaa, kvat dei

hadde fyre seg i fjellaren; "kannhenda dei kann venta paa meg," tenkte han. Og daa han kom ned i fjellaren, so sat dei no der og gaulad og sfreit alle fem, den eine verre en den andre, og der var ei jamring, saa det var ingen maate paa det. "Nei, kvat for ei ulukka ei no hendt?" spurde han. "Aa, kjære Hans!" sagde Else. "Naar me vert gifte og fær eit barn, og barnet vert stort, so kann det henda, at me sender det ned her aa teppa drikke, og so kann gjerna den haffa, som er stungi inn der, detta beint ned i hovudet paa det og slaa det ihel. Skal me so ikkje graata?" "No ja," sagde Hans, "meir vit heve ikkje eg bruk fyre i mitt hushald, og naar du er slii ei klok Else, so vil eg ha deg." Og so tok han henne i handi og leidde henne upp or fjellaren, og so heldt han brudlaup med henne.

Og daa dei hadde voret gifte ei liti stund, sagde Hans ein dag: "Else, eg vil ut paa arbeid og tena nokre pengar, gaff sa du paa aakeren og sfer fornet, so me kann saa nokot til bakster og graut." "Ja, min kjære Hans, det vil eg," sagde Else. Daa Hans var faren, kokad ho seg ein god graut og tok med paa aakeren. Daa ho kom paa aakeren, sagde ho med seg sjølv: "Kvat skal eg no gjera, sfera fyrst elder eta fyrst? — Sitjan, eg vil fyrst eta." No aat ho ut heile grautesfatet, og daa ho var stinn og mett, sagde ho atter: "Kvat skal eg gjera, sfera fyrst elder sova fyrst? — Sitjan, eg vil fyrst sova." So lagde ho seg i kornaakeren og sovnad.

Hans var longo heimfomen, men Else vilde ikkje koma. "Nei, so klok, ei Else som eg heve!" sagde han, "ho er so flink til aa sfera, at ho ikkje heve stunder til aa koma heim aa eta." Men daa det vart kvelden, og Else enno ikkje kom heim, vilde Hans ut aa sja, for myket ho hadde sforet. Men ho hadde aldri sforet eit band, ho laag i aakeren og sov. Hans sprang heim etter ein fuglehaav med smaee bjøllor i og hengde fring henne. So sov lika tungt. Og so gjeff Hans heim att og læste døri og sette seg i ruggestolen og sfar paa eit spadskid.

Jau, daa det vart kolmyrkt, vaknad Klope-Else, og reis upp. Men det ramlad og sramlad fring henne med kvart stiget, ho tok. Daa vart ho rædd og visste ikkje, anten det var den kloke Else elder ei. "Er det eg, elder er det ikkje eg?" sagde ho. So stod ei lang stund og grundad og

grundad; men ho kunde slett ikkje faa greida paa, anten ho var Else elder ei. Gau, so fann ho paa raad. "Eg vil heim og spyrja Hans, um det er eg elder det *ikkje* er eg," sagde ho; han maatte daa vita det. Ho sprang heim til døri, men der var læst; so bankad ho paa vindaugat og sagde: "Hans, er Else der inne?" "Ja, ho er inne", svarad Hans. "Aa ja-ja," sagde Else, "daa er det *ikkje* eg!" Og so sprang ho til ei onnor dør. Men daa folk høyrde, for det singlar og ringlad fring henne, vilde dei ikkje lata upp fyr henne. So sprang ho beint til byen, og sidan heve dei forkje høyrte elder seet henne.



Norfft Barneblad.

1891.